



Lindås Rør & Sanitær AS
Leif Nevdal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1734 - 16/2549

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
28.01.2016

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 56/73 Hundvin

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg – gbnr 56/73, datert 15.01.2016.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og grense mot kommunal veg skal være minimum 1,0m.
Minste avstand til vegmitt kommunal veg skal være minimum 5,0m.
- Det skal ligge føre avtale med grunneigar av gbnr 56/17 om å få leggje leidningsnett over eigedom.
Denne avtalen kan med fordel tinglysast.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin



side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Kart

Kopi til:
Fagsjef veg
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Lindås Rør & Sanitær AS